



Møtereferat

Gruppe/tema: Styringsgruppemøte K6 – Tekniske tenester

Møtestad: Skodje rådhus, lunsjrommet

Dato: 09.11.2018

Tid: 08:30 – 15:00

Møteleiar: Ole Andreas Sjøvik

Deltakarar:	Kommune:
Ole Andreas Sjøvik	Ålesund kommune
Kjell Sindre Johansen	Haram kommune
Kim André Breivik	Sandøy kommune
Frode Helland	Skodje kommune
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog kommune
Ronny Frekhaug og Irene Kalstad Aase	Ålesund kommune
Haldor Lillebø	Delta
Kristin Nonsvik	NITO
Michael Werner	Verneombod
Oddvar Kongsvik (VAP, Ålesund)	Gjest
Bjørn Skulstad (VAR, Ålesund)	Gjest

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling, saksliste og referat frå møte den 19.10.18
2. Kort besluttingssak: spørsmål om oppfølging av: Innkjøp av forvaltningssystem for kommunale avgifter og eskatt., sjå vedlegg
3. Gjennomgang og drøfting av notat frå arbeidsgruppene (F1-F6)
4. Innspel frå kommunalområde Kultur og medborgarskap, om medborgarskap som konsekvens for val av organisasjonsmodell og lokalisering
5. Oversiktskart: organisering, bemanning, lokalisering – utdjuping av moglege modellar
6. Arbeidsfordeling opp mot stabsområde S4 – saksforberedelse notat til prosjektleiar
7. Orientering og informasjon frå styringsgruppe og arbeidsgruppe til tilsette
8. Tidsplan for vidare arbeid
9. Forberedelse av arbeid med mål og strategiar for område K6
10. Eventuelt

Referat og konklusjonar:

1. Godkjent utan merknad.



2. Konklusjon: Faggruppe 1 Matrikkel, kart og oppmåling vert gitt i oppdrag å følgje opp sak om «Innkjøp av forvaltningssystem for kommunale avgifter og eskatt» jf. A9 og dokument datert 22.05.2018 i prosjektportalen for meir informasjon. Irene sender melding om avgjerda til F1 ved leiar Per Anders Aure.
3. Alle rapportane vart gjennomgått og følgjande punkt vart via ekstra merksemd:
 - Lokalisering: produsere tenester der folk bur, plassering nær der hovudtynga av infrastruktur er, har ikkje egna bygg i dag
 - Fagmiljø og administrasjon bør vere samlokalisert: kva er fordelar og ulempe med sentralisering og desentralisering, jf. gevinst
 - Fjerne siloar og jobbe på tvers
 - Leder må vere saman med dei tilsette han/ho skal følgje opp
 - Generalister som personell
 - Rapporten frå F3 digitalisering og innovasjon gjev uttrykk for store investeringsbehov. Digitalisering av arkiv er viktig for saksbehandlinga: det gjer at vi blir meir fleksible for kvar vi er lokalisert. For å kunne fornye og/eller endre avtalar på bruk av programvare og system må det gjerast ein gjennomgang av eksisterande avtalar, jf. oppseiingstid og andre forhold. Styringsgruppe K6 vil gi F3 vidare mandat om å følgje opp dette og anbefale F3 til å invitere leiarar av førige faggrupper i K6 for å kartlegge dette best mogeleg.
 - Digital samordningsportal kan gjere pågåande prosjekt synlege for fleire fagavdelingar. Store gevinstar å hente i samarbeid mellom VA, Veg, IT og TK også i dag.
 - Erfaring frå byggesaksbehandling med fast arbeidsdag i veka syner at dette fungera godt; eks: Skodje-Sandøy og Ålesund-Ørskog. Det er meldt om endringar i Plan- og bygningslov som med tida vil automatisere om lag 30% av saksbehandlinga
 - Det er ynskjeleg med samarbeid på plansaksbehandling
 - Servicekontora er viktige for kontakt med innbyggjarane. Her bør publikum få hjelp til å skrive søknadar og få informasjon generelt
 - Vedtak om at Eigedom mv. Skal organiserast som kommunalt føretak gjort av fellesnemnda 8/11-18. Vedtaket vart drøfta. Kor mykje skal organiserast under/i et KF? Bør Reinholdstenesta skillast ut som eiga driftseining?

045/18 - Fellesnemnd nye Ålesund - Vedtak:

1. Nye Ålesund kommune etablerer kommunalt føretak (KF) for å løyse oppgåver knytt til eigedomsforvaltning og eigedomsdrift.
2. Prosjektleiar skal arbeide vidare med å finne ei god organisering av det samla eigedomsområdet. Dette omfattar mellom anna kva for grenseoppgangar ein skal ha mellom oppgåver som skal løysast i det kommunale føretaket og i den ordinære kommunale organisasjonen. Med bakgrunn i dette arbeidet vil fellesnemnda få framlagt sak med forslag til oppgåver og føremål (vedtekter) for det kommunale føretaket.
3. Tilsette sine rettar skal, uavhengig av driftsform, ivaretakast gjennom heile prosessen jf. lov- og avtaleverk.
4. Det bør vurderast om det kan knyttes til enda meir driftsrelaterte oppgåver til føretaket slik at vi kan ha endå meir samhandling inn mot verksemdene i driftsspørsmål og dermed vere enda tettare knytt til oppfølginga av bygga vi leiger ut. Ein må då innsjå at ein i føretaket på dette området sannsynleg må forlate prinsippet om bestiller-utfører modellen. Det vil



ikkje bli konkurranseutsetting av tenestene og ein får fast kostnad med årsverk som må sysselsettast, i staden for å leie inn ressursar etter behov. For kommunen som heilhet vil kostnaden likevel vere den same.

5. Eigeomsforvaltninga i (nye) Ålesund kommune skal evaluerast i kommunestyreperioden 2020 - 2023.

4. Presentasjon om medborgarskap gjennomgått av Ole Søvik: Frå kommune 0-1 til 0-3. Dynamiske medverknadsprosessar. Nytt styringssystem. Presentasjonen følgjer som vedlegg.
5. Søvik viste kart over verksemdene innan Teknisk i kommunane i dag, der storleiken på figurane igjenspeila tal tilsette mv. Kartet og dagens situasjon vart drøfta. Organiseringa kan delast inn i ute-styrke og rådhusfunksjonar. Korleis arbeide i framtida: prosjekt og team? Kva treng vi i rådhusfunksjonen? Kor mange er nødvendig? Tal tilsette bør haldas lågast mogeleg eks; 50, 60, 70 personar? I Ålesund i dag, som er i kommunegruppe 13, er det mellom 60-70 personar. Gevinstrealisering=størst mogleg effekt. Kva type stillingar, oppgåver, team, prosjekt bør vere på rådhuset? Arbeidsflyt? Sitte saman i team med fagpersonar på tvers, og vere samlokalisert? Linjeorganisering vs. Prosjektorganisering.

Konklusjon: For å lettare kunne ta stilling til alle våre spørsmål vedtok vi å halde to ekstra møter med proseshjelp frå Jesper Sode Hansen, personalavdelinga i Ålesund. Kommunalsjef Ole Andreas Søvik vil spisse bestillinga til Hansen og Irene innkallar til desse to møta. Jesper deltek på møtet den 14/11, men han har ikkje anledning til å delta i møtet den 21/11. Målet med desse møta er å utarbeide aktuelle organisasjonskart som vi drøftar og etter kvart landar som forslag til organisering av K6 ut frå. Styringsgruppa var samstemt i at Skulstad og Kongsvik også inviterast til desse ekstramøta.

6. Den 14/11-18 skal det bestemast kven av medlemmane i styringsgruppe K6 som skal vere med i gruppa som skal lage eit notat til prosjektleiinga på kva for oppgåver innan plan som bør leggest til S4 og til K6, og eventuelt kva dei to styringsgruppene og fagområda skal samarbeide om.
7. Informasjonsbehovet er stort. Det vart drøfta kva styringsgruppa burde ta av ansvar for det. Prosjektleiar har hovudansvaret, men medlemmar av styringsgrupper forventast også å informere. Ole Søvik ynskjer å besøke alle avdelingar så snart råd for å presentere seg og informere om det vi kan til no. Tillitsvalte og fagforeningar gjennomfører og informasjonsmøter med sine medlemmar.
8. Ekstra møte med proseshjelp frå Jesper Sode Hansen den 14.11.2018 kl. 11:00 – 14:00 på møterom 1023 Ålesund rådhus (10.etg). Ekstramøte 21.11.2018 kl. 12:00 – 15:45, Skodje rådhus, Formannskapssalen.
9. Mål og strategiar som er vedteke i kommunane i dag er innhenta. Dette skal vi arbeide vidare med i eit seinare møte.
10. Spørsmål frå Kim André Breivik: Er det nokon av kommunane som har ledig planressurs med kompetanse på reguleringsplan som kan bistå Sandøy kommune. Kim André undersøker nærare og send informasjon om kva oppdraget meir konkret går ut på. Haram kommune kan moglegens hjelpe.

Irene Kalstad Aase
Referent